

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

Kaupanger						
Nr.	dok.nr.	Namn	Lokalisering	Innspel	Storleik	Tema
1.	62	Kaupanger Hovudgård	Kaupanger	Nyskapande friluftsliv har nokre negative sider med slitasje på stiar, negativ påverknad på flora og fauna, auka søppelproblem og sanitære problem som negativ biverknad. Det bør gjennomførast KU av nyskapande friluftsliv og effekten på skog og mark og flora og fauna i Kaupanger. Stien ved Kaupangerholten er viktig område for storfugl. Denne stien må takast ut av arealplanen. Innteikna stiar i verneområdet må og takast ut frå arealplanen, med unntak av Vardahei. Som initiativtakar til nyskapande friluftsliv må kommunen få på plass apparat for å handtere søppel og aukande sanitære problem.		Friluftsliv
	62	Kaupanger Hovudgård	Kaupanger	Tilrår ikkje bustadfelt på Myradn. Tiltak som underminerar Kaupanger hovudgård og nedre Kaupanger vil stride mot nasjonale føringar då dette er område med nasjonal verdi. Bustadområde må ikkje avskjer moglegheitene for framtidig utviding av næringsområdet i Kaupanger. Sogndal kommune bør heller utvide Bråtane bustadfelt på nedsida av vegen. Rår frå andre større arealintensive grep i Kaupanger før ny storkommune er etablert.		Bustad/Næring
	62	Kaupanger Hovudgård	Kaupanger	Ber om at Grushola vert teken ut av arealplanen som framtidig kyrkjestad og sett inn som LNF-område. Området har vore avsett i arealplanen over lang tid utan at det har vore jobba aktivt for å realisere planar om nytt kyrkjebygg. Det er truleg berre grushola som er aktuelt for ny driftsbygning til husdyr på hovudgården.		Kyrkje til LNF
	62	Kaupanger hovudgård	Kaupanger	Foreslår at områda nord for Mårkjetebola eller ved skytebana vert lagt som pukkverk i arealplanen. Begge områda er planlagd som underjordisk steinbrot etter at stuff og uteområde er etablert. Området på Myradn inneheld steinmassar av høg kvalitet som det er stor etterspurnad etter i marknaden. Radonfri.		Pukkverk

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

2.	20 og 22	Tomtespesialisten for Otto Jakobsen	94/23	Arealet er regulert til travbane/hestesport, men er unytta i dag. Arealet ønskes omdisponert til bustad eller næringsføremål.	28,4 daa	Bustad/næring
3.	26	Nordbohus for grunneigarar	Haugen – Mannslaghammaren – Engjasete, gbnr. 105/1 m.fl.	Framtidig bustadutvikling i samband med ny flyplassveg. Langsiktig perspektiv. Forslagsområdet strekker seg rett vest for idrettsanlegget på Kaupanger v/ Haugen og vidare nord - vest mot Mannslaghammaren og Engjasete.		Bustad
4.	25	Nordbohus for grunneigarar	Skogavegen – Mårkjettehola Kaupanger. Del av gbnr. 105/2	LNF til bustad		Bustad
5.	41 og 47	Svein Hovland	105/28	LNF til bustad		Bustad
6.	50	Norconsult for Magne og Lillian Bruland Selseng	95/1 Hovland	LNF til bustad	16 daa	Bustad
7.	32	Anders Sørflåten Even Sørflåten Kaupanger Eigedom AS		På vegne av Kaupanger Eigedom AS, Sogn Eigedom og Elkjøp Stormarked Sogn AS. Håper at Handelsbygg sine planer på Kaupanger kan realiseres da dette bl.a vil eit godt tilbod til aktører som naturleg ikkje passer inn og/eller det er ikkje er plass til i Sogndal sentrum. Det må leggas til rette for nye areal til regional storhandel og andre næringsareal i området. Det bør legges til rette for leilighetsbygg i sentrum av Kaupanger.		Næring/Forretning
8.	33	Kaupanger Næringsforening		Ber om at punktet på 10-på-topp i økonomiplanen vert iversett og prioritert. Strategi for utvikling av næringsområde på Kaupanger som del av arealdel og ny områderuleringsplan. Tydelegare strategi for handel i regionsenteret. Fjerne unødige avgrensingar på Kaupanger, og tydeleggjere mulegheitene. Stadanalyse for Kaupanger bør leggest til grunn som innspel for utvikling av Kaupanger som tettstad for bustad og næring. Vedlegg med konkrete innspel.		Næring/Forretning
9.	34	Sogndal Køyre og rideklubb	Kaupanger	Ønsker mulegheit til å utvide anlegget i framtiden. Ønskjer at ride- og køyreaktivitet i skogområda på Kaupanger /Kaupangerskogen og opp mot Storehaugen) vert ivareteke i arealdelen.		Idrett/friluftsliv
10.	51	G plan for Kaupanger	Myradn 105/2	Omdisponere Myradn til areal for forretningsverksemd.		Forretning

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

		Nærings og Handelspark AS				
--	--	------------------------------	--	--	--	--

Fjærland						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
11.	18/453-15	Bjarte Haugen		Ynskjer at det skal vere tillate med fleire bueiningar på gardar i Fjærland. Små bruk kan trenge fleire bein å stå på for å kunne oppretthalde eit levande bygdesamfunn. Til dømes klyngetun eller bustadutleige i same bygg som landbruksføremål. Det må og gjerast mogleg å selje ei eining på eit småbruk utan å frådele eigedomen gjennom eigne avtaler som bygsling, rettar eller andre metodar som opprettholder rettar for både kjøpar og selger.		Landbruk
12.	23	Odd Magnus Tjugum/CMC Partners AS	156/1,4 og 10. Skarestad Fjærland	LNF til Bustad		Bustad
13.	45	CMC partners – Odd Tjugum (Sven Bjåstad)	156/1 Skarestad	Søttar Odd Tjugum sitt forslag om bustadområde.		Bustad
14.	55	Anders J Bøyum	Berge – Endrefjellet – Middagshaugen	LNF til bilveg og restaurant/kafe for turisme.		Turisme
15.	70	Olav Horpedal	160/1	LNF til fritidsbustader		Fritidsbustad
16.	31	Anders T. Mundal	151 Mundal	Ønskjer område V3 ut av verneplanen, og område L3 omregulert frå LNF til hyttebygging.		Fritidsbustad
17.	38	Odd Tjugum CMC Partners	156/1	Stølaholmen må fredes jf. Kulturminneplan side 57. Området må ut av arealplan som småbåthavn. Tilrår kombinert Skips-småbåthavn flyttes til Øyestølen.		Kulturminne/ Småbåthamn
18.	44	Svein Bjåstad	Stølaholmen	Småbåthamn må få anna plassering på Øyestølen eller ved idrettsbana ved skulen. Stølaholmen må gjerast til kulturminneområde.		Kulturminne/ Småbåthamn

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

19.	52	Bjarte Haugen	<p>Bøyadalen bør tilretteleggast for meir opplevelse og turistnæring. Fortsette utvidinga av næringareal ved Horpedalselvi Innspel til tur og oppleving i Fjærland</p> <ul style="list-style-type: none"> - tilrettelegging for leir og teltplass langs fjorden - turveger til fjelltoppar i nærområdet - turvegar langs elvar og opp mot skog på fjell til dømes frå Øyraflaten til Geitshjelleflaten med tilkomst til øvste skrea. <p>Innspel til jordbruk</p> <ul style="list-style-type: none"> - bør belønne arbeid som tilbakefører skog til eng - eit vidare vern av bøyaøyri våtmarksområde med tilrettelegging for noko meir observasjon og oppleving <p>Innspel til bustadfelt på Skarestad og Mundal. Naustområder bør utvidast og ikkje verne eksisterande då dei bør kunne byggjast ut i takt med utviklinga elles i samfunnet. Strandsona bør ikkje bandleggast då det elles er lite utbyggingsareal i Fjærland Gang- og sykkelveg fmellom riksveg og Mundal bør prioriterast</p>	<p>Turisme Næring Friluftsliv Landbruk Bustad Naust Gang- og sykkelveg</p>
20.	53	Fjærland Bygdalag	<p>Til innspelet ligg kart som viser 13 innspel. I tillegg til kartinnspela har Bygdalaget lagt vekt på fylgjande innspel: Gang/fortau og sykkelveg frå R5 til Fjærland Oppvekstsenter, med prioritert område mellom Mundal og skulen. Tiltak for mjuke trafikantar ved kryss R5/ Fv 152. der ein skjermar gåande/syklende mot å bruke krysset. Spreidd busetnad i heile Fjærland, fleire bustader på kvart gardstun. Revisjon av reguleringsplanen for Mundal med verneområde kontra nye tiltak som fortetting, næring og turisme. Jordvern skal stå sterkt, men bygda treng bustadfelt. Bygdautvalet vil difor støtte tiltak som innspel frå Odd Magnus Tjugum, der han vil legge ut eit større område på Skarestad som bustadfelt. Hyttfelt kan vera som dagens plan, men ein bør vurdere om ein for Fjærland kan ha fri storleik på hytter. Viktig for friluftsliv og turisme at stiar og ferdselsvegar vert rusta opp og kan nyttast av ålmenta. Strandsona bør vera tilrettelagt for nye tiltak.</p>	<p>Gang- og sykkelveg Bustad Fritidsbustad Friluftsliv Strandsone</p>

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

21.	70	Olav Horpedal	160/1	LNF til fritidsbustad	2 -3 tomter	Fritidsbustad
-----	----	---------------	-------	-----------------------	-------------	---------------

I og nær Sogndal sentrum						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
22.	18/453-35	Nordbohus for grunneigar	Hagalandet – Steiktesva 1/5 og 1/12	LNF til bustad		Bustad
23.	39	Bustad partner for grunneigar	Bjelde gard	LNF til bustad	138 daa	Bustad
24.	30	Sameiet Rutlin	22/1 og 118 Aaberget	LNF til bustad. Friområde til bustad jf. festeavtale med kommunen.		Bustad
25.	60	Nordbohus for grunneigare	11/5, 139 Nes	Sentrumsføremål til bustad/næring		Bustad/ næring
26.	7	Odd Erik Loftesnes	2/7 Loftesnes	Faktisk disponering av området og gjeldande arealplan er ikkje i samsvar. Innarbeide eksisterande bruk av området til arealdelen.		Kartteknisk
27.	x	Herdis Grethe Gurvin	25/3 Gurvin	LNF til bustad		Bustad

Kjørnes og omegn						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
28.	18/453-36	Nordbohus for grunneigar	Kjørnes øvre 1/1	LNF til bustad. Utviding av Kjørnes 2 og 3.		Bustad
29.	37	Nordbohus for grunneigar	Gjerdet – Vikane	LNF til bustad. Utviding av eksisterande felt aust for Kjørnes III nedre del.		Bustad

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

30.	59	Nordbohus for grunneigar	91/8 Eide	LNF til bustad.		Bustad
-----	----	--------------------------	-----------	-----------------	--	--------

Offentlege høyringspartar og interesseorganisasjonar						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
31.	18/453-24	Opplysningsvesenets Fond		OVF kommer sannsynligvis ikkje til å levere innspill, men mottar gjerne varsel ved offentlig ettersyn og vedtak av ny arealdel.		
32.	58	Avinor	Haukåsen lufthamn	Merknader til lufthavnarealer, restriksjonar og omsyn som må innarbeidast i arealdelen.		Lufthamn
33.	65	Sognefjorden Vel	Fjorden	Kommunen må ta omsyn til det biologiske mangfaldet i sin vurdering av kva områder som er eigna til massedeponi. Gamle bossplasser i fjorder er potensielle kilder til miljøgifter i marine økosystem. Ved slike dumpingplasser kan en finne forhøyete verdier av både uorganiske og organiske miljøgifter. Kommunen bør registrere kva som finnes av gamle dumpingplasser for boss og annet avfall langs fjorden, konsentrasjonen av ulike miljøgifter i sedimentet og i stedbunde arter frå områda.		Massedeponi
34.	54	Direktoratet for mineralforvaltning		DMF registrerer at det ikkje er gjort nokon grundig vurdering av ressursituasjonen eller behovet for mineralske ressursar i kommunen i den gjeldande kommuneplanen sin arealdel for Sogndal kommune. Det er få områder i gjeldande plan som er avsett til råstoffutvinning. DMF rår til at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved revidering av kommuneplanen. Kommunen bør òg vurdere korleis dei registrerte mineralførekomstane skal handterast i planen for å sikre tilgjenge til mineralressursane for framtidige generasjonar. DMF oppmodar derfor om at mineralressursar blir teke inn som eget tema i planprogrammet til revidert kommuneplan.		Mineralførekomster og massedeponi

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

				Det må ikkje deponerast masser over viktige mineralførekomst. Dette for å hindre nedbygging av førekomstane og for å unngå arealbrukskonfliktar i pågåande og framtidige masseuttak. Vi minn om at omsynet til mineralske ressursar skal handsamast i konsekvensutgreiinga, jf. Forskrift om konsekvensutredning (2017). Det er viktig at det kjem fram om nye byggeområde eller støy-/støvfølsame område vil rørast av eller komme i konflikt med mogelegheita for eksisterande eller framtidig utvinning av registrerte mineralske ressursar. Eventuell omdisponering av arealformål må kome tydeleg fram av plandokumenta når desse leggst ut til offentleg ettersyn.		
35.	17	Sogn og Fjordane Blindeforbund		Gjev råd for universell utforming. oppmodar kommunen til å sjå på problemstillingar for blinde og synshemma der dette er naturleg. Konsekvensar av eldrebølgje med auke i folkegruppe med synsutfordringar og utfordringar knytta til dette bør drøftast vidare i arbeidet.		Universell utforming
36.	40	Eldrerådet		Ein kan forvente økt behov for bustader som gjer det enkelt for eldre å bu heime. Kvar bustaden er plassert, vil få tyding for kvar sjølvhjelpen man kan vere (avstand til sentrumsområde, om terrenget er flatt eller bakkete og liknande.) bustadområde bør ha blanding av yngre og eldre, slik at ein kan skape møtepunkt på tvers av generasjonar og funksjonsnivå. Bustadane må få variert størrelse, standard og pris. Områda må innby til kvardagsrekreasjon.		Bustader for eldre
37.	64	Sogndal Næringsforening		Ser eit klart behov for å definere og konkretisere Handel- og næring i planen. Spesielt gjeld dette tilrettelegging og styring av Sogndal som regionsenter, med komplimentarande aktivitetar i Sogndal og Kaupanger. Sogndal Næringsforening foreslår at dei saman med Kaupanger Næringsforening fasiliterer ein prosess som skal ende med eit strategidokument. Allmøte (august), møte med aktørar (sept) presentasjon og forankring av strategi (oktober).		Næring og forretning
38.	66	Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Riksantikvaren		Merknad til <ul style="list-style-type: none"> - befolkningsframskriving - Konsekvensutgreiing - Automatisk freda kulturminne 		Kulturminne Akvakultur Vassforvaltning Klima Regionsenterutvikling

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

				<ul style="list-style-type: none"> - Bygningmiljø frå tida fram mot 1960 og vurderer den kulturhistoriske verdien av desse bygningmiljøa i tillegg til bygningmiljøa som er registrert i SEFRAK. - Mellomalderske kyrkjestadane er kulturminne av nasjonal verdi - Akvakultur - Vassforvaltning - Klima - Rolla til Sogndal som kommune- og regionsenter bør også trekkast fram i arealdelen, då det må gjerast vurdering i høve til framtidige tenester som Sogndal skal ha. <p>I planrevisjonen er det aktuelt å avklare nytt område til oppstillingsplass for bussar. Det vil også vere aktuelt med parkeringsplassar både for bil og sykkel. Innfartsparkering for å nytte seg av kollektive alternativ vidare.</p> <p>I arbeidet med utviding av nærings- og sentrumsområde på Kaupanger, vert det også viktig å sjå på kommunikasjonen mellom tettstadane Sogndal og Kaupanger, med fokus på alternativ som gir redusert klimagassutslepp. Med auka aktivitet og folketalsauke i lokalsenteret vil ein kunne sjå på gode alternativ for å redusere klimagassutslepp mellom tettstadane. Eksempelvis auka bruk av kollektivtransport, og tilrettelegging or sykling mellom Kaupanger og Sogndal. Det er mogleg å sett nullvekstmål lokalt.</p>	
39.	67	Sogndal Senterparti		<p>Set pris på at tema massedeponi er teke inn som tema i planprogrammet for revidering av arealdelen av kommuneplanen.</p> <p>Opptekne av å ta vare på innfallsportane til Sogndal sentrum. Hagelin frå vest, Nestangen frå aust og fruktgardar ved rv 5 frå nord.</p> <p>Det er viktig å ta vare på, og gjerne utvide, LNF2 områda i eksisterande arealplan. Sogndal kommune må kunne tilby eit variert bustad-/tomtetilbod som spenner over heile kommunen.</p>	Innfallsporter til Sogndal LNF2 – bustad
40.	69	Fiskeridirektoratet		<p>Innspel til</p> <ul style="list-style-type: none"> - Revisjon av arealbruk i sjøområda 	Sjøområda

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

				<ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensutgreiing må omfatte naturmangfald i sjø og fiskeri - Fiskeri - Akvakultur - Marint biologisk mangfald - Ny kartfesting av kystnære fiskeridata i sjøområda i Sogndal kommune - Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område der det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A - og B - områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade. - Rår kommunen til å ta opp arealbruk i sjøområda som eige tema i planforum 		
41.	68	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	-	<p>Innspel og merknadar til</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innhald i planprogram - Konsekvensutgreiing - Medverknad - Natur og miljø - Landskap - Strandsoneforvaltning - Hyttebygging - Vassdrag - Ureining - Bustad - Næring - Klima - Samfunnstryggleik og beredskap - Landbruk - Folkehelse og universell utforming - Planteknisk 		
42.	28	Norges vassdrags- og energidirektorat		<p>NVE rår til at alle aktsemdområde for naturfare vert innarbeidd i plankartets omsynssoner. Særleg legg vi vekt på at dette vert gjort i eksisterande og framtidige byggeområde. Til omsynssonene må det knytast føresegner med krav om nærare kartlegging av faren i alle plan og byggesaker. Kommunen bør styre ny utbygging til trygge område.</p>		Naturfare

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

				<p>Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart i kommunen, eller der kommunen har annan konkret og etterprøvbar kunnskap om fare, så kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdområda i dei aktuelle områda. I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng og utarbeidd flaumsonekart for nedre delar av Sogndalselvi. Dette er kunnskap som må takast omsyn til i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - For område det ikkje er gjort konkrete farevurderingar, gjev NVE innspel og råd til vurdering av naturfare knytt til: <ul style="list-style-type: none"> - Skredfare i bratt terreng - Flaumfare og erosjon - Kvikkleire - Klimaendringar - Tiltrådingar knytt til vassdrag og vassdrags- og energianlegg. 		
--	--	--	--	--	--	--

Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
43.	27	Miljøretta helsevern		Innspel om at det må settast i gang kartlegging av behov for utviding av skulane i Sogndal. Tiltrå ikkje utviding av Trudvang skule, då skulens uteareal er for lite sett opp mot norm.		Skule
44.	34	Sogndal idrettsråd		Organisert idrett må ivaretakast i det vidare arbeidet med arealdelen. Sogndal idrettslag ynskjer at Sogndal kommune i større grad ivaretar breiddeidretten gjennom direkte eigarskap i idrettsanlegg- og haller. Sogndal kommune bør være på, eller over, landsgjennomsnittet når det kommer til bidrag til idretten.		Idrett
45.	46	Sogn Brann og Redning IKS		Lokalisering av ny brannstasjon er det re område som peiker seg ut i prioritert rekkefølge: <ol style="list-style-type: none"> 1. Nestangen 2. Hagelin/Shell kvartalet 		Infrastruktur/ brannstasjon

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

				3. avkøyring til Skjeldestaddalen/Nedrehagen frå rv.5. Førrebels anslag for areal er 1500 – 2000 m2. Større avhengig av samlokalisering etc. Naturlege samarbeidspartnarar er naudetatane og Sivilforsvaret. I tillegg kan uteseksjon for kommunen vere aktuell, då kanskje mest med tanke på vaskehall for bilar og utstyr.		
46.	49	Sogndal og Leikanger Kyrkjelege fellesråd		Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd har i ulike samanhengar meldt inn behov for parkeringsområder og utvidingar av kyrkjegardar i Sogndal kommune. Vi kan ikkje sjå at dette er teke inn i arealplanen, og ber med dette om at våre behov også kjem inn og blir teke omsyn til i planen. Innspel om Kaupanger stavkyrkjer, Fjærland kyrkje, Ølmheim kyrkje, Stedje kyrkje.		Kyrkje
47.	71	Björgvin Bispedømeråd		Vi er kjende med Sogndal og Leikanger kyrkje lege fellesråd sine merknader som vi ber kommunen ta omsyn til. Det gjeld særleg parkeringsområde ved gravplassar og areal til utviding av gravplassar. Gravferdslova § 2 krev at det i kvar kommune skal vera ein eller fleire gravplassar av ein slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av innbyggjarane i kommunen. Fellesrådet peikar konkret på: Ny parkeringsplass nær Kaupanger stavkyrkje, i tillegg til den parkeringsplassen som blir bygd for 15 bilar. Parkeringsplass og areal til utviding ved Fjærland kyrkje Vurdera parkering ved Ølmheim kyrkje og areal til utviding av gravplassen Areal til parkering ved Stedje kyrkje, bl.a. for å gje tilgjenge for utrykkingskøyretøy. Planlagt utviding av gravplassen i vestleg retning viser ikkje i arealplanen.		Kyrkje
Fardal og Øvstedalen						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
48.	42 og 48	4B for Johannes Øvretun	75/1 og 76/3 Øvretun	LNf til bustad		Landbruk/Bus tad
49.	43	Jan Ove Øyrehagen	72/2 Øvstedalen	Ønskjer å bytte område avsett til bustad frå ein lokalisering til ein anna nærmare eksisterande bygnad. Ønskjer å skilje ut.	3-5 tomter	Landbruk/Bus tad

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

Sogndalsdalen						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
50.	56	Kari Audhild Hildeskor	38/3 Sogndalsdalen	LNF til bustad		LNF/bustad
51.	57	Nordbohus for grunneigar	11/5 Dalen – Lauvhaug.	LNF til bustad. Frittliggjande bustader.	19 daa	LNF/bustad
52.	19	Fagereggi Utmarkslag	Fagereggi	<p>Laget sitt areal er i dag sett av til LNF-område. Ligg tett opp til utbyggingsområdet i Hodlekve/Kambane. Legg til grunn at det vil verte auka press på utmarksarealet i form av større ferdsel, så vel sommar som vinter. Dette vil medføre ei større belastning på så vel beitebruken som vilt og fiskeforvaltninga.</p> <p>Ber om at kommunen ikkje vil leggje hindringar i vegen for tiltak i samband med utvikling av stadbunden næring, t.d. stølsdrift, der dette har vori og kan bli nytta i framtidig næring. Ber om at kommunen gjer greie for kva som vil bli tillate av hyttebygging og frådelling til slike formål, herunder turistformål.</p> <p>Ber om kommunen sitt syn på konsekvensutgreiing med utgangspunkt i overnemde arealbruk.</p>		LNF/Hodlekve

Ylvisåker						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
53	63	Svein Jarle Slinde	79/5 Ylvisåker	LNF til bustad. Utviding av eksisterande bustadområde som er for lite sett opp mot målsetnad i gjeldande arealdel.		Bustad

Nornes						
--------	--	--	--	--	--	--

Innspel motteke til melding om oppstart og høyring av planprogram sortert geografisk og etter tema

Arkivsak: 18/453 dato: 7.6.18

Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
54.	29	Norane Ungdomslag	82/1, 27 og 14 Nornes	Endre frå LNF-offentleg tenesteyting for utviding av samfunnshus.		Offentleg tenesteyting
Fimreite						
Nr.	Saknr. – dok.nr.	Namn	Lokalisering	Skildring av innspel	Storleik	Tema
55.	18	Sofie Loftesnes	85/28 Fimreite	LNF til fritidsbustad. Det vart gjeve løyve til frådelling av gnr. 85, bnr. 28 i møte i Planutvalget den 16.06.1999, men arealføremålet har ikkje vorte endra i kommuneplanens arealdel. Eg antek at dette må ha skjedd ved ein feil.		Fritidsbustad